



Arve Kjølraug
Gangstøvegen 99
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3360 - 16/30059

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
01.11.2016

Svar på søknad om løyve til å flytte eksisterande avkjørsle - gbnr 133/5 - delingssak Alversund

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til etablering av ny avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktzone vert sett til 4x45m.
- Avkjørsle skal være plassert som vist på vedlagt situasjonskart, datert Teknisk drift, VVA, 06.04.16.
- Eksisterande avkjørsle må fysisk stengast med ei murkant med ei høgde på ca 16 cm. Murkant skal være plassert slik at den ikkje er til hinder for drift og vedlikehald av kommunevegen.
- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdata.no og www.vegvesen.no

Vi gjer merksam på at det i tidlegare delingssak på gbnr 133/5 (sak 15/4037) er gitt eit «førehandstilsegn» om at ein kan «regne med» å få løyve til avkjørsle for ei bustadeining når frådelt eigeendom skal byggast ut. Eigar av frådelt tomt hadde ingen planar om å bygge ut denne. Det ligg derfor, per i dag, ikkje føre løyve til avkjørsle men eit førehandstilsegn om at ein kan rekne med å få løyve. Førehandstilsegnet vart gitt for å kunne få delt frå tomta. Det betyr at når eigar av tomt skal bygge på tomta må han/hun søkje kommunen



om løyve til å bygge avkjørsla etter dei krava som er sett i førehandstilsegnet. Avkjørsla må så godkjenast av vegmynde før det vert gjeve igangsettingsløyve på tomta.

Vi gjer merksam på at løyve til avkjørsle gjeld berre tilknytning til kommunal veg. Bygging av avkjørsle treng eget løyve frå byggesak.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg» og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart avkjørsle - delingssak gbnr 133-5 (156506)

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak
Lindås kommune ved fagsjef veg

Mottakarar:
Arve Kjørlaug

Gangstøvegen 99 5911

ALVERSUND